

## UU 12/19 Møtebok frå utdanningsutvalet 20.02.2019

---

**Saksnr.:** 15/01302-73      **Saksansvarleg:** Veslemøy Hagen, *utdanningsdirektør*  
**Møtedag:** 24.04.2019      **Informasjonsansvarleg:** Veslemøy Hagen, *utdanningsdirektør*

---

### Dokument i saka:

Møtebok frå utdanningsutvalet 20.02.2019.

### Framlegg til vedtak:

Møteboka er godkjend.

Stavanger, 26. mars 2019

Veslemøy Hagen  
*utdanningsdirektør*

Møtebok UU 2019 02 20

Sakshandsaming: Eilef J. Gard  
*seniorrådgjevar*

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

**Møtebok**  
**frå**  
**utdanningsutvalet**

**Møtestad:** AR-401  
**Tid:** 20.02.2019 kl. 09:00 – 11:30

**Fylgjande faste medlemmer møtte:**

Magne Bartlett  
Turid Borgen  
Dag Husebø  
Ketil Knutsen  
Marit Aamodt Nielsen  
Björg Frøysland Oftedal  
André Pedersen  
Brita Strand Rangnes  
Una Ruzic  
Jon Tømmerås Selvik  
Magne Olav Sydnes  
Leslie Leith Symington  
Julie Wangen

**Fylgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Kenneth Wathne  
Lene Katrine Hoff

**Fylgjande varamedlemer møtte:**

Bjarte Ravndal  
Nina Egeland

**Frå administrasjonen møtte:**

Veslemøy Hagen og Eilef J. Gard.

Møtet vart leia av Dag Husebø

<b>Saksnr.</b>	<b>Innhold</b>	<b>U.off.</b>	<b>Arkivnr.</b>
UU 01/19	Godkjenning av innkalling		
UU 02/19	Møtebok frå utdanningsutvalet 28.11.2018		
UU 03/19	Strategisk tema: Internasjonalt senter		
UU 04/19	Utvalet sin rapport frå 2018 og plan for 2019		15/01413-7
UU 05/19	Møteplan for studieåret 2019 - 2020		15/01302-70
UU 06/19	Gjennomgang av studia 2018		17/03038-24
UU 07/19	NOKUT-tilsyn ved UiS		18/00116-60
UU 08/19	ECIUniversity		
UU 09/19	Andre orienteringssaker		
UU 10/19	Eventuelt		

Stavanger, 20.02.2019

## **UU 01/19 Godkjenning av innkalling**

Studentrepresentant melde inn sak om UiS og berekraftige samfunn til eventuelt.

### **Vedtak:**

Innkallinga vart godkjend.

## **UU 02/19 Møtebok frå utdanningsutvalet 28.11.2019**

### **Vedtak:**

Møteboka vart godkjend.

## **UU 03/19 Strategisk tema: Internasjonalt senter**

Utvalsleiar innleia i saka. Bjarte Ravndal presenterte rapport frå utvalet som har utgreia internasjonalt senter ved UiS. Rapporten var lagt ved innkallinga.

### Frå samtalen:

Ein av studentrepresentantane sakna studentrepresentasjon i utvalet. Elles støtta han å bruka studentar som har vore ute som ambassadørar og faddarar. Utdanning ser ut til å vera det området der det er lettast å få til ting.

Utdanningsdirektøren kommenterte at studentane var med i workshops.

Ved Fakultet for utøvande kunstfag er der mange som reiser på utveksling. Fakultetet har møte med dei når dei kjem heim igjen. Det er veldig viktig at utreisande studentar deler erfaringar når dei kjem heim.

Ved nordiskmiljøet ved Institutt for kultur- og språkvitskap er det oppretta utvekslingsavtalar med utanlandske institusjonar. Ein arbeidar med rekruttering av studentar. Avtalane har resultert i forskningssamarbeid.

I presentasjonen viste Bjarte Ravndal til erfaringar med internasjonale senter ved Universitetet i Bergen og Universitetet i Agder. UiB har samla mange funksjonar, men der er likevel mange ting som ikkje er samla, fordi det er så komplekst. Der er fysiske avgrensingar på UiS. Utvalet har difor ikkje gått inn for fysisk samling. Det hadde vore fint, men det løyser ikkje alt.

Prodekan for utdanning ved Det helsevitskapelege fakultetet meinte at det vert lagt mykje ansvar på studieprogramleiarane. I modellen for arbeid med studentmobilitet (s. 2 i rapporten) ville ho gjerne hatt eit punkt før det fyrste. Fakultetet har ein internasjonal koordinator, som gjer førearbeidet og så samlar studieprogramleiarane. Dette kunne vore teke inn i modellen. Det vert lagt meir og meir ansvar på studieprogramleiarane. I fjor haust var internasjonal koordinator inne i studentgruppene i fyrste året og orienterte om utreisemuligheter. Det resulterte i 40 % auke i interessa.

Bjarte Ravndal: Det er ikkje meininga at studieprogramleiar skal gjera alt. Det må vera eit kollektivt ansvar. Utvalet diskuterte internasjonal koordinator men valde ikkje å føreslå dette, fordi dei kan også verta flaskehalsar. Men dersom det er ein god modell for fakulteta, så er det bra. Utvalet ville ikkje gjera det til ein modell for alle.

Prodekan for utdanning ved fakultetet Det samfunnsvitskapelege fakultetet la til at fakultetet har starta med studentar som utvekslingsambassadørar. Ho spurde vidare kva utvalet har tenkt om kompetansebygging.

Bjarte Ravndal: Det kan t.d. vera knytta til eit nettverk. Det er ein begynnelse, som kan styrkjast.

Leiar for utdanningsutvalet heldt fram at Ravndal-utvalet har vald å tydeleggjera kven som gjer kva. Poenget er måten me arbeidar saman. Prosessnettverk som metodikk kan vera ei god løysing.

Han meinte det er rett å tenkja tilsettmobilitet og kva som er viktig for studia. Tilsettmobilitet må koma før studentmobilitet. Det kjem til å koma ei fleksibilisering av mobilitet, i t.d. den komande stortingsmeldinga. Det vil verta lagt meir vekt på oppgåver, ikkje så mykje på tidsperiodar og lengde på utvekslingsopphalda. Erfaringar frå studentar som har vore ute må integrerast i det faglege. Utreisande studentar må få fagleg kreditt av å formidla erfaringar. Rapporten gjer grunnlag for å ta dette inn i fakulteta og fagmiljøa.

Utdanningsdirektøren takka gruppa for arbeidet og rapporten. Utgangspunktet for mandatet var eit besøk i Bergen, der ho såg eit internasjonalt tsenter i funksjon. Det førde til spørsmåla korleis skapa internasjonal studentkultur ved UiS og korleis endra kulturen. Me kan ikkje sleppa denne rapporten. Me må institusjonalisera tilrådingane. Ho føreslo eitt pilotprosjekt på kvart fakultet og la til at prosessnettverk er bra og fornuftig.

**Vedtak:**

Utvalet takkar Ravndal-utvalet for rapporten.

## **UU 04/19 Utvalet sin rapport for arbeidet i 2018 og plan for 2019**

Utdanningsdirektøren innleia i saka. Det har vore eit travelt år for utvalet med saker som gjennomgang av studia, kvalitetssystemet og gjennomgang av utvala sin funksjon og organisering. I 2019 begynnar arbeidet med tilsyn med studier og NOKUT har meldt om tilsyn med kvalitetsarbeidet.

Frå samtalen:

Nestleiar for utdanning i StOr føreslo at planen for 2019 skal innehalda noko om studentaktiv læring.

Prodekan for utdanning ved Det samfunnsvitskaplege fakultetet ynskte også at sensorveiledningar er noko som utvalet bør ha med i planen sin, og fekk støtte av StOr.

Prodekan for utdanning ved Det helsevitskaplege fakultetet føreslo at utvalet vert orientert om nye retningslinjer og rammeplanar for studier og korleis læringsutbytte er formulert i desse.

Utvalet drøfta kort kor detaljert ein slik plan skal vera og konkluderte med at innspela vert tekne med i planen for 2019.

**Vedtak:**

- a) Utvalet godkjenner rapporten for 2018.
- b) Utvalet fastset plan for 2019 med dei innspela som kom fram i møtet.

## **UU 05/19 Møteplan for studieåret 2019 - 2020**

Utvalsleiar innleia.

Utdanningsdirektøren la til at i 2018 vart fellesseminaret lagt til desember og at det var ei god erfaring. I framlegget til møteplan er det gjort tilsvarende for hausten 2019. Grunngevinga er at nye utvalsmedlemer då har fått høve til å verta kjende med arbeidet i utvala og difor vil vera betre førebudde til å delta i diskusjonar i fellesseminaret.

**Vedtak:**

- a) Utvalet godkjenner rapporten for 2018.
- b) Utvalet fastset plan for 2019 med dei innspela som kom fram i møtet.

## UU 06/19 Gjennomgang av studia 2018

Utdanningsdirektøren orienterte om saka. Så og seia alle gradsstudia vart gjennomgådde i 2018, i tråd med den planen som utdanningsutvalet la i 2017. European Master in Migration and International Relations (EMMIR), som er lagt fram i dette møtet, er det siste programmet. Det oppstod ei ny problemstilling knytt til dette studiet: UiS har ansvar for berre ein del av programmet. Skal me sjå på heile programmet, eller berre UiS sin del? Utdanningsdirektøren vil ta dette vidare. I 2019 skal utvalet gå gjennom EVU-programma.

Utvalsleiar sakna nærare beskrivelse av dei emna som UiS har ansvar for. Den utdanningsfaglege kompetansen som finst på IKS peikar meir mot vidaregåande skule enn mot høgare utdanning. Er dette tilstrekkeleg? Det er ikkje i tvil om der er høg utdanningsfagleg kompetanse knytt til studieprogrammet. Han spurde også kva deltaking der er frå Stavanger og Norge i EMMIR. På kva måte fører EMMIR-programmet til forskingssamarbeid?

Prodekan for utdanning ved Fakultet for utdanningsvitenskap og humaniora repliserte at utdanningsfagleg kompetanse er ei stor sak. Det vert arbeidd med å få EMMIR betre integrert i internasjonaliseringsarbeidet. Alle i fagmiljøet er migrasjonsforskarar.

### **Vedtak:**

Etter behandlinga i fakultetet og tilrådinga frå dekanen bekreftar utdanningsutvalet akkrediteringa for European Master in Migration and Intercultural Relations. Fakultetet og instituttet følgjer opp utviklingstiltaka som er nemnde.

## UU 07/19 NOKUT-tilsyn ved UiS

Utdanningsdirektøren orienterte. NOKUT har sendt varsel om periodisk tilsyn med kvalitetsarbeidet ved institusjonen, som skal gjennomførast i løpet av 2019. Der må gjerast mange førebuingar. UiS blir kalla inn til eit formøte i mai, saman med NMBU, OsloMet og UiA, som me kjem til å samarbeida med i tilsynsprosessen.

Me er godt førebudde og har gjort mykje. Nye retningslinjer og prosedyrer for akkreditering og tilsyn vart innført i 2017. I 2018 ble eit justert system sendt ut på høyring. Standardisering er nå den viktige delen, for å laga heilskap. Utdanningsdirektøren kjem til å invitera seg sjølv til alle institutta for å snakka om kvalitetssystemet.

Det skal veljast ut tre studieprogram i tilsynet, og det er viktig kva dei tilsette i programmet veit om kvalitetssystemet.

Frå samtalen:

I brevet frå NOKUT står det at «NOKUT vil velge ut et antall studietilbud som skal inngå i tilsynet». Erfaringane frå pilotfasen som NOKUT gjorde med ein del institusjonar, og der Dag Husebø deltok i sakkyndig komite, er at det vart valt ut tre program.

29. mai får me vita kva program som vert valde ut. 8. oktober er frist for å senda inn dokumentasjon.

### **Vedtak:**

Utvalet tek saka til orientering.

## UU 08/19 ECIUniversity

Trym Holbek orienterte om prosjektet ECIUniversity og UiS sin søknad om vera med i dette. Der er stor entusiasme på leiarnivå i universitet i Europa. Eit slikt europeisk universitet skal knytast opp til FN sine berekraftsmål. UiS vil i søknaden fokusera på FN sitt berekraftsmål nr 11, byar og samfunn.

Utvalsleiar la til at søknaden går til EU-kommisjonen 28. februar. Der er fem månader handsamingstid. Arbeidet i piloten kan få varige konsekvensar vidare. Det kan endra det europeiske utdanningslandskapet.

**Vedtak:**

Utvalet tek saka til orientering.

## **UU 09/19 Andre orienteringssaker**

a) Søknad om UNESCO-chair, mangfold, inklusjon, utdanning. Professor Geir Skeie, IKS, orienterte i møtet.

På verdsbasis er der ca 700 professorat knytta til Unesco sine mål. Det er eit stort nettverk. I Norge er der to, eitt ved Høgskolen i Innlandet og eitt ved Universitetet i Bergen. Ved UiS vil eit slikt professorat verta knytt til fagmiljø i mangfold, inklusjon og utdanning ved IKS, og ny master i religion og samfunn. Det skal samarbeida med og tena samfunnet rundt oss. Søknadsfrist er 1. april, og avklaring til hausten. Utvalet ga positive kommentarar til prosjektet og spurde om det vil innebera økonomisk risiko for UiS. Geir Skeie svara at UiS må skaffa ressurser. Det er ein intensjon at den ordinære verksemda skal nytta godt av dette.

Utvalsleiar la til at dei andre to institusjonane i Norge seier det genererar nye aktiviteter.

b) Søknad Senter for fremragende utdanning.

Prodekan ved Det helsevitenskaplege fakultetet, Bjørg Frøysland Oftedal, orienterte om søknad frå fakultetet. Dette er ei spissing av ein tilsvarende søknad i 2016. Det kan få tyding for andre fagmiljø.

Kommentar frå utvalet: Det er avgjerande å få inn studentar frå fagmiljøet i arbeidsgruppa.

c) Utfyllande reglar for lokalt opptak 2019 - vedteke på fullmakt.

Vedtaket låg ved innkallinga.

d) Medisinutdanning ved Universitetet i Stavanger.

Utdanningsdirektøren orienterte i møtet.

e) Seminar på SV-fakultetet.

Det samfunnsvitenskaplege fakultetet har arrangert fagdag med tema «Forskingsbasert utdanning». Fagdagen var mellom anna ei oppfølging av evalueringa av samfunnsvitenskaplege studier.

f) Datalab på universitetsbiblioteket.

Datalaben vart opna 18. februar. Det er ope døgnet rundt. Det er sin stor tilvekst til biblioteket si satsing på læringsmiljø.

**Vedtak:**

Utdanningsutvalet takkar for orienteringane.

## **UU 10/19 Eventuelt**

Una Ruzic hadde meldt sak til eventuelt, om UiS og berekraftige samfunn. Ho heldt fram at det er viktig at UiS tek ein aktiv del i arbeidet med eit berekraftig samfunn og la fram to forslag:

- Etablering av emne knytt til FN sine berekraftsmål. Eksempel frå UiB.
- Sterkare fokus på berekraftsmåla i eksisterande utdanningar. Dette bør brukast medvite i læringsutbytebeskrivelsane.

Studentrepresentant: Det kjem til å koma press på dette frå NSO. Der finst gode emne på master i samfunn, energi og miljø.

Utdanningsdirektøren svara at det kan skrivast inn i sak til styret om gjennomgang av studieporteføljen.